



## **Styremøte Bø museum**

Dag: onsdag 8. november 2023

Tid: kl.19.00

Stad: Polen

Til stades: Kristin Kleppen, Jørn Berget, Ingrid Smedstad, Kari Rast Monge, Olav Finstad, Ellen Schruppf, Kari Lønnestad  
Frå drift: Bergit Li

Møtet blei innleia med å ønske den nye representanten frå kommunen, Ingrid Smedstad, velkomen, og ein liten presentasjonsrunde.

## **Sakliste**

Sak 68/23 Godkjenning av innkalling og sakliste.  
Innkalling og sakliste godkjent.

Sak 69/23 Godkjenning referat  
Leiaren gjekk gjennom referatet, som blei godkjent.

Sak 70/23 Økonomistatus v/ Bergit  
Bergit orienterte om stoda pr nå, som verkar å vera tilfredsstillande i forhold til budsjettet.  
Ønske frå dei som arbeider med registrering av gjenstandar om å anskaffe ein mobiltelefon til skanning av strekkoder. Den kostar kr 1300,- og skal ikkje ha abonnement.  
Vedtak: Mobiltelefon til bruk ved gjenstandsregistrering kan kjøpast inn.

Sak 71/23 Oppnemne nytt medlem til valgkomiteen  
Oddbjørg Nevestveit har sendt ei melding der ho trekker seg frå valnemnda. Ho har deltatt i nemnda eitt år, og skulle såleis ha to år att av sin periode.  
Vedtak: Kristin tar ein prat med Oddbjørg. Dersom ho står fast ved avgjerda si, spør Kristin Evy Beate Stykket om ho vil gå inn i valnemnda.

Sak 72/23 Kontakt med politikarar - presisering  
Det er behov for å avklare praksis ikring kontakt med politikarar.  
Vedtak: Medlemer som har oppgåver for Bø museum og som vil fremme saker overfor politikarar/kommunen skal gjera det via styret.

Sak 73/23 Tilgang til Bø museum sine samlingar  
Det skal vera kontroll på kven som har tilgang til magasin og lokalhistorisk arkiv. Det bør vera protokollar for besøk og når materiale blir tatt ut og levert tilbake.  
Vedtak: Bergit og Kristin går til innkjøp av protokollbøker som er eigna til formålet, og sørger for at dei blir tatt i bruk i kjellaren på heradshuset.

Sak 74/23 Julemessa - status

Bergit orienterte. Ho vil sjekke med dei som har smultringkiosk om dei vil vera til stades denne helga. Olav spør Arne Hatlen om han kan ta ansvar for bålpanne, Kristin kontaktar ei som lagar dørkransar.

Sak 75/23 Arbeid i videograppa

Olav orienterte. Ein del av det bearbeidde materialet er nå publisert. Det er ønskeleg å få med nokre fleire i grappa.

Sak 76/23 Orienteringssaker

- Henv frå Bjørn Holta som vil gje ut ei bok om ein sjømannsprest frå Sauherad, han spør om museet vil stå som utgjevar og ha rettane til boka. Prosjektet er fullfinansiert. Vi seier ja til det dersom det ikkje medfører utlegg for museet.
- Henv. frå USN ved Tobias Harding med invitasjon til digitalt møte om masterprosjekt 14.11. Passar ikkje for nokon av oss å stille denne gongen. Ellen kan ta ein prat med Harding om saka.
- Neste arrangement er 22.11. om laksefiske i Lågen. Ellen sjekkar om han skal vise bilde.
- Neste styremøte: Onsdag 6. des. kl. 18.00.

Ref. Kari